



Vår sakshandsamar:
Heidi Vederhus

Vår ref:
20/388-22

Dato:
08.10.2020

Informasjon til tilsette i helse- og omsorgstenestene i Stryn kommune - reise og besøk

Reiser og besøk frå andre stadar fører med seg auka risiko for smitte. Vi ynskjer difor med dette å informere dykk som arbeidstakarar om retningslinjer i Stryn kommune for både reise og besøk.

Kva må du tenke på under reisa?

Du må følge [FHI sine reiseråd](#) ved alle reiser både i inn- og utland. Det er spesielt viktig at du tenker på følgjande:

- Unngå nærkontakt med andre enn reisefølget ditt. Hald minst 1 meters avstand.
- Unngå samlingar av folk der du kan risikere å stå trengt – til dømes kollektivtransport, fotballkampar, utestadar og liknande.
- Ver nøye med handhygiene og unngå å ta deg i andletet. Ha alltid handsprit lett tilgjengeleg.

Kva må du tenke på når du kjem heim?

På reise kjem ein i kontakt med fleire og andre menneske enn til vanleg. I dei fleste land i Europa har ein hatt vesentleg meir smitte enn i Norge, og smittesituasjonen er stadig skiftande og lite føreseieleg.

Utanlandsreiser fører med seg auka risiko for smitte. I Stryn kommune gjeld difor følgjande tryggleikstiltak for helsearbeidarar som har vore på reise i «raudt» land:

- Du må pårekne 10 dagars karantene når du kjem heim før du kan gå tilbake til jobb. Dette må vere ein del av ferien din. Du har ikkje krav på sjukepengar i karantenetida.
- Reiser til utlandet må vere avklart med einingsleiar i førekant av reisa.
- Vi oppmodar alle om å teste seg ved første mulighet når ein kjem tilbake til landet (flyplass eller liknande)
- Alle som har vore i nærkontakt med personar med påvist Covid-19 eller opplever symptom skal ta umiddelbar kontakt med beredskapstelefonen, tlf. 57874929. Nærmare oppfølging vil bli avtalt.

Ved reise i «gult» land gjeld følgjande:

- Testing for Covid-19 ved heimkomst. Du skal ikkje vere i pasientnært arbeid før første prøve er stadfesta negativ.

Kva har du ansvar for?

Helsearbeidarar jobbar tett på personar som har auka risiko for alvorleg forløp av Covid-19. Den enkelte har difor eit særleg ansvar for å oppføre seg slik at risikoen for å sjølv verte smitta – og dermed potensielt smitte andre – er så lav som råd. Den einskilde har ansvar for å setje seg inn i til kvar tid gjeldande retningslinjer.

Besøk i heimen frå karantenepliktig land

Dersom du får besøk i heimen din frå karantenepliktig land, må du vere særskild merksam på smittefare. Vi forventar at du syte føre at besøkande testar seg umiddelbart når dei kjem til Norge (på flyplass eller liknande) i tillegg til retesting etter 5-7 dagar.

Alle besøkande frå «raude land» skal vere i 10-dagars karantene uavhengig av prøveresultat (jf. Koronaforskrifta).

Du må ha dialog med einingsleiar i forkant av besøket, slik at det kan takas nødvendige førehandsreglar for å unngå auka risiko for overføring av smitte.

Helsing
Stryn kommune, Helse og sosial

Heidi Vederhus
kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur